

Heidra æresmedlem og spelte for naboane.

03.12.2016



Musikklaget spreidde julestemning i Omvikdalen i dag.

Førjulstida er både travel og kjekk for mange musikkorps. Slik er det også for veteranane i Uskedal musikklag. Fredag kveld spela dei ved julegrantenninga i Uskedalen, og laurdagen fulgte dei opp med to nye, kjekke spelinger. Det er mange som likar å høyra dei kjære julesongane flyta utover bygdene som mjuke messingtonar.



Musikklaget gav musikk, gode ord og blomar til æresmedlem Bård Ljosnes på 80-årsdagen.

Laurdag hadde nabobygda Omvikdal sitt førjulsarrangement, og på veg dit passa det svært godt å stoppa på Ljosnes og spela til æresmedlem, tidlegare dirigent og mangeårig musikar, Bård Ljosnes, som runda 80 år denne dagen. Han fekk både bursdagsong, vals og julemusikk som tona frå instrumenta. I tillegg fekk han velfortente godord og blomekorg. Ei svært fin stund både for Bård, gjester og musikklagsmedlemmene.

Etter dette bar det til Omvikdal. Der var førjulsarrangementet godt i gang i Dalheim med program, julegraut og kaker. Siste programpost var fakkeltog frå Dalheim til Hjelmeland. Derfor rigga musikklaget seg til i ei løe på Hjelmeland og spela juletonar medan toget nærma seg, og etter at folket var komne fram. Musikklaget har vore fast med på dette arrangementet, og det er alltid kjekt å koma til Omvikdal å spela. Det er svært tydeleg at dei frammøtte er svært glade for julemusikken veterangjengen tar med seg. Eit triveleg førjulsarrangement er det.

Fram mot jul skal sjølvsagt musikklaget vera med den årvisse julekonserten i Uskedal kyrkje som er søndag 11.desember. Dei skal også akkompagnera til julesongar i samband med at Jørn Øyrehegen Sunde kjem i kyrkja med föredraget 'Guds 4 døtre' onsdag 21.desember. I romjula vert det som alltid speling på julefesten i Vonheim 28.desember.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Ståle Eik og Thor Inge Døssland